

AVTALE OM KOMMUNESAMARBEID FOR STASJONÆR VETERINÆRVAKT PÅ HAUGALANDET

- Tilleggsavtale med Etne kommune

PARTAR:

Kommunane i veterinæravktdistrikta Etne, Vindafjord, Karmsund og Tysvær.

AVTALEN GJELD:

Administrasjon av kommunalt tilskot til privat stasjonær veterinæravtalt (smådyrvakt).

AVTALEPERIODE:

Avtalen gjeld frå 1. januar 2021 til den vert sagt opp. For Etne gjeld avtalen frå 1. januar 2022.

AVTALEN INNEBER:

- I samsvar med kommunale vedtak skal kommunane støtta privat stasjonær veterinæravtalt i dei tre veterinæravktdistrikta med avtalt sum i året.
- Sveio kommune er vertskommune og administrerer ordninga. Dette inneber at Sveio kommune administrerer støtta til stasjonær veterinæravtalt og har den nødvendige kontakten med klinikkane innfor rammene i sak som er godkjend av kommunane.
- Det vert inngått eigen avtale mellom klinikkane og kommunane ved Sveio kommune.
- Innbetaling av støtte skjer til Sveio kommune etter faktura med forfall 30. januar i støtteåret.
- Sveio kommune sender rapport til kommunane innan 1. mars året etter det året støtta gjeld for.
- Om det er saker som gjeld vaktordninga som ligg utanfor vedtekne rammer, skal Sveio kommune utan unødig seinking ta opp sakene med dei andre kommunane.

STØTTESUM:

Støttesummen vert fastsett med utgangspunkt i 700 000 kroner (støtte i 2018, 2019 og 2020). Støtta vert auka med pris- og lønsveksten i kommunesektoren slik den vert fastsett i statsbudsjettet kvart år (deflator). Støtta vert justert for påfølgande år med justert deflator for inneverande år slik den er fastsett i statsbudsjettet. (Tilskot år x = Tilskot år x-1 * (1+(fastsett deflator år x-1 – anslått deflator år x-1)) * anslått deflator år x.)

Utgangspunkt for årleg støtte

| Kommune | Haugesund | Karmøy | Utsira | Sveio | Tysvær | Bokn | Vindafjord | SUM |
|---------------|-----------|--------|--------|-------|--------|-------|------------|--------|
| Folketal* | 37357 | 42186 | 198 | 5766 | 11065 | 852 | 8714 | 106138 |
| Grunnsum | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 35000 |
| Bidrag etter* | 234058 | 264313 | 1240 | 36127 | 69327 | 5338 | 54597 | 665000 |
| Bidrag i alt | 239058 | 269313 | 6240 | 41127 | 74327 | 10338 | 59597 | 700000 |

* Folketal per 1. januar 2020. Kjelde: SSB.

| Bidrag frå kommunane i år 2022 | | | | | | | | | |
|--------------------------------|-----------|---------|--------|--------|--------|--------|------------|--------|---------|
| Kommune | Haugesund | Karmøy | Utsira | Sveio | Tysvær | Bokn | Vindafjord | Etne | SUM |
| Folketal* | 37357 | 42186 | 198 | 5766 | 11065 | 852 | 8714 | 4062 | 110 200 |
| Grunnsum | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 | 40 000 |
| Bidrag etter* | 223 735 | 252 657 | 1 186 | 34 533 | 66 270 | 5 103 | 52 189 | 24 328 | 660 000 |
| Bidrag i alt** | 228 735 | 257 657 | 6 186 | 39 533 | 71 270 | 10 103 | 57 189 | 29 328 | 700 000 |
| 2021 | 234 911 | 264 613 | 6 353 | 40 601 | 73 194 | 10 375 | 58 733 | 30 120 | 718 900 |
| 2022 | 243 563 | 274 359 | 6 587 | 42 096 | 75 890 | 10 758 | 60 896 | 31 229 | 745 378 |

* Folketal per 1. januar 2020. Kjelde: SSB.

** Med sum før 2021, 700 000 kroner

ENDRING I SAMARBEIDET:

Avtalen kan endrast eller seiast opp med frist eitt – 1 – år og gjeld fram til og med 31. desember året etter den vert sagt opp.

UNDERSKRIFTER:

- Karmøy kommune ved rådmann Vibeke Vikse Johnsen

Dato: Underskrift:

- Haugesund kommune ved kommunedirektør Ole Bernt Thorbjørnsen

Dato: Underskrift:

- Tysvær kommune ved rådmann Sigurd Eikje

Dato: Underskrift:

- Bokn kommune ved rådmann Ingeborg Skjølingstad

Dato: Underskrift:

- Utsira kommune ved rådmann Bjørn A. Aadnesen

Dato: Underskrift:

- Vindafjord kommune ved rådmann Yngve Folven Bergesen

Dato: Underskrift:

- Etne kommune ved kommunedirektør Bjørn Tollefsen

Dato: Underskrift:

- Sveio kommune ved rådmann Jostein Førre

Dato: Underskrift: